

Føredragshaldar Yvonne Aga Romøren

Som 21-åring flytta Yvonne heim att til Årdal etter fullførte studiar som grafisk designar. Ho starta sin eigen skobutikk og tok dermed det første steget inn i eit arbeidsliv prega av sjølvstendig næringsdrift. Sidan den gong har ho utvikla fleire konsept med ei sterk vilje til å skapa noko eige.

I 2016 medan Yvonne var i fødselspermisjon, starta ho Kortlevert. Idéen som kom etter bryllaupet hennar i 2015 voks fram, og har i dag blitt ei verksemd med kundar over heile landet.

Yvonne har ein sterk lidenskap for utvikling og nyskaping. Ho ønskjer å vise at det er fullt mogeleg å byggje verksemder også innerst i Sognefjorden - langt frå byen. Gjennom reisa si vil ho inspirera fleire til å følgja draumane sine og ta steget inn i gründertilværet.



Fritidsbadet i Øvre Årdal
© Fränk Runar Øren

Samarbeidspartar:

SpareBank 1
SOGN OG FJORDANE

Hydro

Årdal Energi

agnitio



Årdal kommune
Teknologibygd

Ei stor takk til våre sponsorar!

Sogn kommunalt oppgåvefelleskap er eigd av dei seks kommunane i Sogn: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Saman skal me fremje og vidareutvikle tenestesamarbeid i regionen vår. Entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn, gjennom prosjektet «System for styrka læring», bidreg til dette. Messa i Årdal er den 17. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, System for styrka læring og årets vertskommune arrangerer for ungdomsskulane i Sogn.



Sognaregionen
Det gode liv

gasta.no Framsidefoto: Teknologiveka 2025 © Årdal Teknologipark



Initiativ Skaparlyst Kreativitet

VELKOMMEN TIL
ENTREPRENØRSKAPSMESSE!

Årdalshallen i Øvre Årdal
14.april 2026 frå kl 10:00 til 14:30

System for
styrka læring
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn 2022 / 2030



Årdal kommune
Teknologibygd

UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP
VESTLAND

Velkommen til entreprenørskapsmessa i Årdal

Det er ei stor glede å få ønska dykk hjarteleg velkomne til Årdal og entreprenørskapsmessa i 2026! Me er stolte over å vera arrangør igjen, og ser fram til å samla ungdom frå heile regionen til ein dag fylt med kreativitet, skaparglede og framtidstru.

Entreprenørskap handlar om å sjå moglegheiter der andre ser utfordringar. Det handlar om å våga å tenkja nytt, samarbeida og tru på eigne idear. Gjennom arbeidet med elevbedrift får de prøva dykk som gründerar – de lærer å utvikla ein idé, samarbeida i lag, finna løysingar og presentera arbeidet dykkar for andre. Dette er erfaringar som vil vera verdifulle, uansett kva veg de vel vidare.

Årdal er kraft. Årdal er industri. Årdal er natur og kultur. I generasjonar har me nytta naturressursane våre til å skapa arbeidsplassar og byggja lokalsamfunn. Samstundes veit me at framtida krev nye tankar, nye løysingar og nye arbeidsmåtar. Difor treng me dykk – ungdom med engasjement, mot og skaparkraft.

I Årdal finn de eit variert næringsliv, frå prosessindustri og teknologi til handel, service og offentlege tenester. Me har òg eigen vidaregåande skule med spanande utdanningsmoglegheiter. Kanskje er det nettopp her i Årdal du finn inspirasjon til vidare utdanning eller framtidig arbeidsplass?

På messa får de oppleva og læra av dei kreative elevbedriftene. De skal møtast på tvers av kommunegrenser, utveksla idear og bli betre kjende med regionen vår. Kanskje vert det nettopp din idé som ein dag utviklar seg til noko større? Me gler oss til å sjå engasjementet dykkar, høyra presentasjonane og oppleva skaparglede de tek med dykk til Årdal. Lukke til med førebuingane – og hjarteleg velkomne til ein inspirerende dag i Årdal!

Christian Sønstlien, ordførar Årdal kommune

Konferansierane:



Mia H. Smedegård og Linnea Sperle frå Farnes skule.



Leonora N. Vigdal og Jenny R. Henjum frå Tangen skule

Ordførar Christian Sønstlien



Årdal
nasjonalparkkommune

Program

- Kl. 09.30 – 10.00** Rigging/ klargjering av elevbedriftene
- Kl. 10.00 – 10.30** Opningsarrangement
- Kl. 10.30 – 13.50** Besøk på stand, plenumsforedrag og besøk til lokale bedrifter
- Kl. 13.50 – 14.30** Avslutningsarrangement med premieutdeling

